

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Frode Vee-Haugen	FA - U63	17/423

Saknr	Utval	Type	Dato
036/2017	Formannskapet	PS	19.04.2017
016/2017	Kommunestyret	PS	04.05.2017

Søknad om serveringsløyve og skjenkeløyve for Fjordtun kafé AS

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Nytt serverings- og skjenkeløyve vert tildelt Fjordtun kafé AS ved løyvehavar Berit Karin Lygre, Austfjordvegen 2728, 5981 Masfjordnes.
2. Berit Karin Lygre, 5981 Masfjordnes vert godkjend som dagleg leiar for serveringsstaden og styrar for skjenkeløyvet.
3. Åsmund Kvinge, 5981 vert godkjend som avløyssar for skjenkeløyvet.
4. Løyvet omfattar desse lokala/uteareal i gnr. 30, bnr. 23:
 - Hovudlokale 1. etasje ca. 60 m2.
 - Uteområdet ca. 75 m2 med i inngjerda og skjerma hage.Løyvet gjeld for øl og vin og vert gjeve alle dagar frå kl. 13.00 til kl. 01.00.
5. For slutta selskap gjeld utvida løyve for alkohol i gruppe 1, 2 og 3 slik: Som for alle skjenkestader frå kl. 13.00 til kl. 02.00. Det er eit vilkår at det vert matsservering i både pubdel og kafeteriadel av lokalet.
6. Serveringsløyvet gjeld frå dags dato utan avgrensing.
7. Skjenkeløyvet gjeld frå og med 1.05.2017 til og med 31.03.2020, jfr. alkohollova § 1-7.
8. Det er ein føresetnad at den nye verksemda vert registrert hjå Mattilsynet region Hordaland og Sogn og fjordane snarast og innan 1.01.2017.

Heimel

Serveringslova med forskrifter og alkohollova med forskrifter.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Sandneskafeen AS ved styreleiar Erik Larsen har i brev datert 16.03.2017 og e-post datert 28.03.2017 stadfesta at dei har overdrege verksemda til Fjordtun kafé AS ved Berit Karin Lygre frå og med 1. april 2017.

I denne samanheng søker Fjordtun kafé AS om serverings- og skjenkeløyve frå og med 1.05.2017.

Uttale

Skatteoppkrevjaren har i e-post datert 7.04.2017 opplyst fylgjande:

«Skatteoppkrevjaren i Masfjorden har ingen merknader til søknaden om serverings- og skjenkeløyve frå Fjordtun kafé AS»

Politiet i Masfjorden datert 7.04.2017:

«Lensmannen har ingen merknader til søknaden om serverings- og skjenkeløyve frå Fjordtun kafé AS. skriftleg uttale vert ettersendt»

NAV Masfjorden sosial

Det er ikkje kome uttale frå NAV Masfjorden. På grunn av kort uttalefrist har sakshandsamar prøvd å få kontakt med kontoret både telefonisk og på e-post utan hell. Viss dei kjem med uttale før møte den 19. april vil formannskapet bli opplyst om dette.

Fakta

Føretaket er registrert som enkeltpersonføretak i Brønnøysundregisteret.

Søknaden gjeld for alkoholkonsum under 22 %, dvs. gruppe 1 og 2.

Det er ved ein feil ført opp aldersgrensa 18 år i søknaden. Denne gjeld sjølvsagt for skjenking av alkohol.

Rutinar for skjenkestaden:

Dagleg leiar/ løyvehavar vil sjå til at regelverket vedkomande sal og servering vert etterlevd.

Aldersgrense 18 år vil gjelda når aktiviteten der ev. berre er pub og ikkje annan aktivitet i lokalet.

Elles er hovudaktiviteten kaféverksemd med tilgang for alle.

Om driftskonseptet står det:

Lokalet inneheld også ein liten avdeling for produksjon og sal av husflid. Lokalet vil også verta brukt til å arrangera utstillingar, konsertar, føredrag, kurs m.m.

Uteområdet vil verta brukt til uteservering i sommarhalvåret når ver- og temperaturløve ligg til rette for dette.

Opningstidene er sett opp slik:

Onsdag kl. 11.30 til kl. 15.30

Torsdag kl. 14.00 til kl. 18.00

Fredag kl. 19.00 til kl. 01.00

Laurdag kl. 12.00 til kl. 01.00

Søndag kl. 14.00 til kl. 18.00

Ønska skjenketid ute og inne er sett opp frå kl. 13.00 til kl. 01.00

Skjenkearealet innandørs er ført opp med 60 kvm, medan utearealet er ført opp med 75 kvm.

Adresse: Austfjordvegen 2728, 5981 Masfjordnes.

I søknaden er Åsmund Kvinge, 5981 Masfjordnes er sett opp som avløysar for verksemda.

Dagleg leiar for serveringsverksemda og styrar for skjenkestaden har etablerarprøven og kunnskapsprøven, medan avløysar for skjenkestaden har kunnskapsprøven i alkohollova for Masfjorden kommune.

Verksemda er førebels ikkje registrert hjå Mattilsynet. Det er lagt fram godkjend skatteattest verksemda.

Område for eksisterande serveringsløyve og skjenkeløyve:

Hovudlokale i 1. etasje inngang frå/til hovudlokale og uteområde med inngjerda og skjerma hage.

Inngang frå/til hovudlokale.

Vurdering

Kommunen har til no ikkje motteke kontrollrapportar eller klager av nokon art som tyder på at reglane i alkohollova med forskrifter ikkje har vore følgt for dei skjenkestadene som har løyve. Erfaringane med dei etablerte løyva så langt har vore gode.

Fjordtun kafé må ha nytt serveringsløyve og skjenkeløyve sidan verksemda er overdrege frå Sandneskafeen AS.

Alkoholpolitisk handlingsplan blei vedteken av kommunestyret den 28.04.2021 for perioden 2016 - 2020. I denne står det at skjenketidene for alkoholgruppe 1 og 2 (under 22%) skal vera frå kl. 13.00 – 01.00, jf. alkoholpolitisk handlingsplan pkt. 5.

Prinsippet om likebehandling av skjenkesøknader har stått sterkt, det same gjeld behovet for harmonisering av dei lokale skjenkevilkåra. Skjenketidene som er fastsett i søknaden vil såleis oppfylle reglane i alkoholpolitisk handlingsplan.

Førebyggingskriterier som går på opphaldsstader og nærområde for barn og unge har vore vurdert tidlegare for denne skjenkestaden, og ein har da kome fram til at dette ikkje er tilfelle her. Skjenkestaden ligg også i god avstand frå skule og barnehage.

Konklusjon

Fjordtun kafé ved Berit Karin Lygre får serveringsløyve og skjenkeløyve.

Berit Karin Lygre vert godkjend som dagleg leiar av serveringsstaden og styrar for skjenkeløyve medan Åsmund Kvinge vert godkjend som avløysar for skjenkeløyvet.

Det vert gjeve skjenkeløyve for øl og vin frå kl. 13.00 til 01.00 alle dagar. Det vert lov til uteskjenking i

inngjerda område avgrensa til 70 sitteplassar.

Det vert gjeve utvida løyve for slutta lag for alkoholgruppe 1, 2 og 3 frå kl. 13.00 til kl. 02.00. Løyvet gjeld for perioden fram til 31.03.20.

Formannskapet - 036/2017

FS - behandling:

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - vedtak:

1. Nytt serverings- og skjenkeløyve vert tildelt Fjordtun kafé AS ved løyvehavar Berit Karin Lygre, Austfjordvegen 2728, 5981 Masfjordnes.
2. Berit Karin Lygre, 5981 Masfjordnes vert godkjend som dagleg leiar for serveringsstaden og styrar for skjenkeløyvet.
3. Åsmund Kvinge, 5981 vert godkjend som avløyssar for skjenkeløyvet.
4. Løyvet omfattar desse lokala/uteareal i gnr. 30, bnr. 23:
 - Hovudlokale 1. etasje ca. 60 m2.
 - Uteområdet ca. 75 m2 med i inngjerda og skjerma hage.Løyvet gjeld for øl og vin og vert gjeve alle dagar frå kl. 13.00 til kl. 01.00.
5. For slutta selskap gjeld utvida løyve for alkohol i gruppe 1, 2 og 3 slik: Som for alle skjenkestader frå kl. 13.00 til kl. 02.00. Det er eit vilkår at det vert matsservering i både pubdel og kafeteriadel av lokalet.
6. Serveringsløyvet gjeld frå dags dato utan avgrensing.
7. Skjenkeløyvet gjeld frå og med 1.05.2017 til og med 31.03.2020, jfr. alkohollova § 1-7.
8. Det er ein føresetnad at den nye verksemda vert registrert hjå Mattilsynet region Hordaland og Sogn og fjordane snarast og innan 1.01.2017.

Heimel

Serveringslova med forskrifter og alkohollova med forskrifter.

Kommunestyret - 016/2017

KS - behandling:

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart vedteke mot ei (Jon Hope (KrF)) røyst .

KS - vedtak:

1. Nytt serverings- og skjenkeløyve vert tildelt Fjordtun kafé AS ved løyvehavar Berit Karin Lygre, Austfjordvegen 2728, 5981 Masfjordnes.
2. Berit Karin Lygre, 5981 Masfjordnes vert godkjend som dagleg leiar for serveringsstaden og styrar for skjenkeløyvet.
3. Åsmund Kvinge, 5981 vert godkjend som avløyssar for skjenkeløyvet.
4. Løyvet omfattar desse lokala/uteareal i gnr. 30, bnr. 23:
 - Hovudlokale 1. etasje ca. 60 m2.
 - Uteområdet ca. 75 m2 med i inngjerda og skjerma hage.Løyvet gjeld for øl og vin og vert gjeve alle dagar frå kl. 13.00 til kl. 01.00.
5. For slutta selskap gjeld utvida løyve for alkohol i gruppe 1, 2 og 3 slik: Som for alle skjenkestader frå kl. 13.00 til kl. 02.00. Det er eit vilkår at det vert matsservering i både pubdel og kafeteriadel av lokalet.
6. Serveringsløyvet gjeld frå dags dato utan avgrensing.
7. Skjenkeløyvet gjeld frå og med 1.05.2017 til og med 31.03.2020, jfr. alkohollova § 1-7.
8. Det er ein føresetnad at den nye verksemda vert registrert hjå Mattilsynet region Hordaland og Sogn og fjordane snarast og innan 1.01.2017.

Heimel

Serveringslova med forskrifter og alkohollova med forskrifter.